

Allidrett har vorte ein suksess

02.12.2009



Korleis skal ein setja saman eit stormkjøken, tru? (Foto: Ola Matti Mathisen)

I september starta det utruleg aktive paret Cathrine og Steinar Haugland eit nytt aktivitetstilbod: Allidrett. Og etter første sesong kan dei trygt siå fast at det har vore ein suksess, med opptil 30 frammøtte. Onsdag kveld var det juleavslutning med eit mangfaldig og spesielt oppdrag. Denne kvelden var berre 17 med på grunn av konkurrerande arrangement.

Tilboden har fungert på tvers av alle gruppene i idrettslaget og deltakarane har vore innom eit vidt spekter av disiplinar, til dømes friidrett, fotball, handball, klatring, hinderløp, dans, basketball og aerobic.

Onsdag skulle dei konkurrerande laga samla inn bokstavar som skulle setjast saman til ord og innsamlinga skjedde i nærområdet rundt skulen.

Etter godkjenning av orda fekk laga eit mangfaldig oppdrag som gjekk ut på samansetjing av eit stormkjøken og kokking av gløgg. Det fyrste laget som fekk godkjent gløggen skulle så gje ei fysisk oppgåve til dei andre laga.

Jo, idrett kan vera så mangt, berre ein er kreativ...

Av Ola Matti Mathisen